



Bryggjeprosessen går mot slutten etter ein lang arbeidsdag: Kjell Yri og Magne Huglen kontrollerar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Laurdag 1. mars var Humlepungen Bryggjarlag, som no har ni medlemmer, samla til bryggjing att på Dønhaug og neste laurdag (12. april) er det tid for oppskoka, som tyder at ølet skal tømast or bryggekjeret og fyllast på kaggar.

Men det stoppar ikkje der, bryggjarane inviterer også andre til å vera med på ein "triveleg, kulturell og næringsrik kveld" og fristar med 30 utlagte billetter. Utvalde firma og kollegagrupper vert særskilt inviterte, står det å lesa.

Småbrukar og inkluderingsminister Magne Huglen ønskjer velkomen til gards, men den store attraksjonen denne gongen blir nok Svein Nordal, som er ein dyktig imitator og kjend frå SØRAL-revyen.

Prøvesmaking er sjølvstøtt eit fast rituale og seremonimeister Kristian Bringedal minnar om at det skal vera sju ulike smakar. Uventa innslag blir det sikkert også ein del av denne gongen.